

VINTERFESTALEN 2017: SEMINARSKILDRING

Andaktsseminar – Luther Spesial

2017 er eit spesielt år. Det har gått 500 år sidan Martin Luther slo opp sine 95 tesar på døra til slottskyrkja i Wittenberg. Martin Luther, munk, professor og reformator, står som midtpunkt i dette seminaret! Her vert det diskutert og snakka om ein av Tyskland sine største søner! Ei spanande reise tilbake i reformasjonens dagar! Som ein del av seminaret vil du også få opplæring i å lage andakter.

Bandseminar

Likar du å spela gitar, trommer, bass, piano eller eit anna instrument? Meld deg på i vinterfestivalens eige superband for å læra meir om samspel og for å bli kjend med andre med same lidenskap som deg!

Ta med deg ditt eige instrument. Me stillar med trommer (men ikkje trommestikker), tangentar og forsterkarar.

Boblefotball

Boblefotball er ein heilt fantastisk morosam aktivitet som kan spelast av alle. Her set me dykk inni i spretne, oppblåsbare boblar. Om du er fotballspelar, sofafigur eller turgåar så er dette ein aktivitet for deg. Boblefotball gjev deg garantert mykje latter og aktivitet. Når fløyta går vil du gløyme alt anna, og nyte det så mykje at du opplevar at du er eit barn igjen. Me skal vera ute, så hugs å ta med ullundertøy og bobleklede!

Brettspelseminar

Lengtar du tilbake til koselege kveldar med brettspel på hytta? Bli med oss på brettspelseminar då vel! Om du enten kjem med høgt konkurranseinstinkt eller eit venleg smil, er du hjarteleg velkommen. Kanskje du lærar noko nytt?

Danseseminar

Byrjar det å krible i dansefoten? På danseseminar blir du instruert innanfor Streetdance og Jazz. Med ei flink instruktør, har du moglegheit til å læra deg kule moves som kan både imponera og forføra!

Direksjonsseminar nybyrjar

Har du lyst å læra korleis ein dirigerar eit kor? Er du endå usikker på kva handbevegelsar du skal bruke? Bli med for eit lærerikt og kjekt seminar!

Direksjonsseminar vidarekomen

Har du lyst å læra korleis ein dirigerte eit kor? Kan du dei ulike handbevegelsane men vil forbetre deg og utnytte ditt potensiale? Bli med som vidarekomen! Lærerikt og kjekt seminar! Dette er eit seminar for deg som kan det grunnleggande og har noko erfaring med direksjon frå før.

Dramaseminar nybyrjar

Vert du nysgjerrig når du hører ordet «dramaturgi»? Kanskje du lurar på korleis ein skal skriva og gjennomføra eit skodespel? På Drama Nybyrjar lærar du deg det grunnleggande om Drama. Leik og moro vert det i tillegg! Kven veit, kanskje du har talent?

Dramaseminar vidarekomen

Vert du nysgjerrig når du hører ordet «dramaturgi»? Kanskje du lurar på korleis ein skal skriva og gjennomføra eit skodespel? På Drama Vidarekomen har du moglegheita til å uttrykka deg med andre flinke og dramatiske folk! Meld deg på, det vert dramatisk kjekt!

Felleskor

Vil **DU** væra med i det berømte felleskoret til Vinterfestivalen? Beundrar du dei som står i dei ulike kora under festivalen? Her kan du få sjansen til å synga ilag med andre engasjerte folk frå heile Bjørgvin krets! Sleng deg på!

Fotoseminar

Er du glad i å ta bilete? Treng du inspirasjon? Har du lyst til å lære litt teknikkar og korleis ta betre bilet? Ta med deg kameraet ditt, gode idear og bli med på fotoseminar! Hugs også minnekort og ekstra batteri til kameraet.

Fyrstehjelpsseminar

Lær deg grunnleggande fyrstehjelp! Kanskje dette er fyrste møtet med ei Anne-dukke? Eit seminar me garanterar kan koma til hjelp seinare i livet. Du veit aldri når du vil få bruk for det!

Globalseminar 1: Etisk handel

Saman med Communication For Change (CFC) vert ein bedre kjend med «Hva koster det?»-kampanjen. Det er ikkje rettferdig at dei som lagar kleda våre opplever låge lønningar, dårlig tryggleik på arbeidsplassen, mangel på fagforeiningar og barnearbeid. På dette seminaret får ein innblikk i den politiske prosessen med kampanjen, men også handlingsalternativ ein kan bruka i kvardagen. Les meir om kampanjen her: <http://kfuk-kfum-global.no/hva-koster-det>

Globalseminar 2: Kulturverkstad med CFC

Communication For Change (CFC) er ei gruppe ungdommar frå Tanzania, Kenya, Sør-Afrika, Madagaskar, Brasil og Bangladesh. I dette seminaret vert ein betre kjent med ulike kulturar. Korleis er kulturane våre like og samtidig så ulike? Kva skillar ein nordmann frå en Kenyanar? Gjennom song, dans og leik får ein i dette seminaret ta del i eit globalt fellesskap.

Handelsspelsseminar

Eit spel som skapar engasjement på eit heilt anna nivå! Her vil ein prøve å illustrere handelssystemet i verda. Handelssystemet skapar fordelar for dei ressurssterke og

velorganiserte landa på bekostning av dei fattige. Dette er ein god måte å forklare kvifor fattige land ikkje alltid klarar å koma seg ut av fattigdommen. Her trengs ingen forkunnskapar! Greier **DU** å snu om på tankegangen til handelsleiarane? Her er det du som står i spissen!

Hobby: Handarbeidsseminar

Likar du å strikka? Eller sy? Eller hekla? Bli med på eit chill og koseleg seminar kor du kan gjera det du likar, samtidig som du kan bli kjend med nye menneske! Ta med deg ditt eige handarbeidsprosjekt som du vil jobba med. Dersom du ikkje har eit påbyrja handarbeid, så ta med strikkepinnar/ heklekrokar, og du vil få hjelp av seminarhaldar til å starte på eit arbeid.

Hobby: Scrapbooking

Collageteknikk er ein personleg, kreativ og fantasifull måte å montera foto eller bilete på einsfarga og mönstra papir, lag på lag. Du kan så pynte med mengder ulike materiale og morosame dekorasjonar. Ein kan òg kalla det Scrapbooking, «scrapping» eller på norsk; «utklippsalbum»! Dette er så enkelt og kult som du kan få det! Her kan du leva ut din kreativitet! Kanskje du kan nokre triks og tips som du kan læra vekk? Bli med her! På seminaret vil du få høve til å lage ymse morsdags- og valentineskort. Korta ønskjer vi å selje på Globalmarknaden.

Hobby: Lage tøynett

Ofte innom butikken? Fartar du mykje rundt, men har ikkje plass til tinga dine? Ynskje om å spa miljøet? Og bur det ein liten kunstnar i deg? Då er dette midt i blinken for deg! Her kan du laga tøynett av eige design. Tøynetta skal seljast på Globalmarknaden.

Hobby: Perleseminar

Saknar du å perla, slik du gjorde når du var liten? Har du lyst å laga smykkar, øyredobbar, brosjer, uro eller anna kult av nabbiperler – meld deg på her! Kreasjonane skal seljast på Globalmarknaden.

Hobby: Origami

Synes du det er kult å skapa noko nytt ut i frå ark? Kanskje kunsten om å bretta papir etter geometriske reglar for å oppnå ønska design ikkje har tatt deg med storm endå? Bli med for å bli inspirert! Kanskje du lærar deg nokre kule origamikunstar? Kreasjonane skal seljast på Globalmarknaden.

Menneskerettsseminar

Er du opptatt av rettferd og rettigheitar? Vil du at alle menneske skal få like moglegheiter? Meld deg på her, og lær meir om dette!

Musikalsk leiing

Er du bandleiar, dirigent, bandmedlem og har eit ynskje om å læra meir innanfor musikk? På musikalsk leiing vil du læra litt musikkteori og korleis du kan vera ein musikalsk leiar!

Showseminar

Likar du å planlegga show? Kanskje du er med på å planlegga ein komande Ten Sing-konsert og trenger litt innspel? Meld deg på dette!

Sjekkeseminar

Kan du nokon gode sjekketriks du har lyst å prøve ut? Eller kanskje du bare har lyst på en VF-venn? Meld deg på her og bli med på blant anna speeddating!

Ski: alpint

Me slår i år til igjen med vårt berømte «Skiseminar»! Her får du eit møte med skianleggget Voss Resort (Bavallen). Og her gjeld det å vera rask. Det er fullt før du veit ordet om det! Glid plankane dine og bli med!

Ski: Langrennstur

Kanskje du syns ein koseleg og sosial langrennstur høyast fristande ut? Vert det meir fristande om me nemnar bålkos? Og kanskje ein marshmallows eller tre? Bli med oss for å utforske langrennsløypene på Voss! Me stillar med mat og ved medan du stillar med ski og kle!

Sosial miljøskaping

Skap eit betre sosialt miljø i di TenSing-gruppa! Treng du inspirasjon til kjekkare øvelsar? Eller korleis ein kan sikra seg fleire folk som blir inkludert? Då er «Miljøskaping» midt i blinken for deg.

Hovedfokus: Det sosiale miljøet i kvar einheit.

Sidefokus: At alt skal gå føre seg på ein kjekk og dritkul måte. Alle kan vera med!

Speidarseminar

Likar du aktivitetar som føregår ute under open himmel? Kanskje samarbeid er noko for deg? På speidarseminar får du ei lita innleiing om kva ein speidar er og gjer. Du får òg prøve deg som ein! Seminaret er utandørs, så du må ha gode klede. Bli med og ver speidar for ein dag!

SportY

Syns du ballspel er kjekt? Eller har du lyst å læra SportY bingo eller SportY Scrable? Lyst å prøva SportY Monopol eller Svoltne Flodhestar? Meld deg på her og ha nokon kjekke timer med folk som har lik interesse som deg!

Styreseminar

Her lærar du blant anna det å driva godt styrearbeid i ungdomsgrupper. Kva gjer eit styre? Kva roller har styret? Korleis organisera styrets arbeid? Sjå korleis ein driv programarbeid og ungdomsgrupper i KFUK-KFUM!

Teknikkseminar

I år vil Teknikkseminaret splitte seg i tre ulike seminar som kjem til å arbeide saman i slutten av seminaret/etter seminaret. Det me kan tilby her i år er:

- **Lydseminar:**

Her på lydseminar lærar me kva dei ulike delane av lydanlegget består av, korleis korleis ein koblar dei saman og styrar det. Me lærer òg kva mange av knottane på miksebordet brukast til.

- **Lysseminar:**

Vil du læra å laga kule lyseffekter til konserter? På lysseminar lærar me om dei ulike typar lampar som brukast på VF, korleis me brukar dei forskjellege lysa og ulike funksjonar på lysmiksebordet.

- **Videoseminar:**

Videoseminar er for deg som vil læra om bruk av videokamera, ulike funksjonar på eit kamera og kva som gjev gode og pene bilet. Hugs å ta med deg videokamera.

Unge Vaksne 18+

Dette er seminaret for unge vaksne og leiarar over 18 år. Har du lyst å læra meir om triks og tips du kan bruka for å være ein god leiar? Eller kanskje dela eigne erfaringar? Meld deg på!

Vokalseminar for nybyrjarar

Liker du å synga? Ønskjer du verte betre som solist og lære grunnleggande vokalteknikk? Vi jobbar med vokalteknikk og stemmebruk. Då er dette seminaret noko for deg!

Vokalseminar for vidarekomne

Kan du syngje litt frå før og har lyst til å lære meir? På vokal vidarekomne skal me utforske forskjellige songteknikkar og lære ulike øvingar for støtte, intonering, stemmebeherskelse, artikulasjon og meir. Nokre av seminardeltakarane opptrer som solistar saman med felleskoret under avslutningsshowet på søndag.

Volleyball

Dei fleste har spelt volleyball, og dei fleste veit at det er utruleg artig! Og viste du at volleyball er «Nasjonalsporten» til KFUK-KFUM og YMCA? Treng me sei noko meir? Møt opp med finger- og begerslag! Ta gjerne med knebeskyttarar.